

Snøen og sylteflesket er her!

05.12.2011



Jula nærmar seg - det er ingen tvil.
No opplever vi to konkrete varslar om det.
Eit tunt snølag har lagt
seg helt ned til fjorden og sylteflesket til Gunn Mari er på plass
i butikken.
Snøen er allereie på god veg til å smelta, men sylteflesket blir nok
ikkje utsett med det første. Det skal vi dvela litt meir ved også i år
ettersom det har fått så stor reklame i Kvinnheradmagasinet og
er eit produkt som berre vi har!.

I magasinet blir det då også slege fast at SPAR i Uskedalen er den einaste butikken i Kvinnherad som har heimelaga sylteflesk. Det var faren til Gunn Mari som lanserte flesket, ein tradisjon som ho har ført vidare med bravur. Det er også ho som sit på den hemmelege oppskrifta.

Gunn Mari lagar 300 kilo kvart år og salet aukar på fram mot høgtida. Uti denne månaden har ho gjerne problem med å stetta etterspurnaden. Folk tingar også sitt eige sylteflesk for å vera sikre på å ikkje gå tom og når dei tingar er det ulike ynskjer om kor mykre krydra dei vil ha flesket.

Cateringavdelinga på Sanden auker og produksjonen av eggesalat fram mot jul og salet av pinnekjøt aukar også.

Over er Gunn Mari i arbeid med å skjæra opp sylteflesk i føremiddag medan småsporven gjeng i tunet og forsynar seg mellom dei første snøklattane på Neset..

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

